

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Kåre Strand
Arkivsaksnr.: 14/1377 - 30

Arkiv: 614 A

Planlagt behandling:

Formannskapet
Kommunestyret

UTVIDING BORE SKULE – REVIDERTE PLANAR

Bakgrunn

I møte i kommunestyret 20.06.2016 – sak 26/16 – vedtok kommunestyret mellom anna følgande:

Planlegging av tilbygg på Bore skule blir starta opp så snart som råd, for å bygga 4 klasserom med grupperom, aula og kantine med i alt inntil 2000 m². I tillegg kjem idrettshall til bruk for begge skulane. Skulen blir dimensjonert for 450 elevar.

2000 m² er å forstå som netto nytt areal. Det lagt til grunn i det vidare arbeidet eit areal-tillegg på 14 % til vegger og liknande som gir eit bruttoareal på 2280 m².

For å sikre god framdrift i saka blei arkitekt-tenestene lyst ut før sommaren, og Link Arkitektur AS blei engasjert til planleggingsarbeidet i oktober 2016.

Rådmannen viser elles til munnleg orientering gitt i formannskapet 30. januar 2017.

Budsjett

Kostnadene med utbygginga er planlagt slik:

3 mill i 2015 og 2016 er sett av til planlegging
72 mill kr i perioden 2017 – 2019 til skulebygget
45 mill kr i perioden 2017 – 2019 til ny idrettshall
2 mill kr til oppgradering av uteområdet i 2018.

Til saman er det altså sett av 122 mill i byggekostnader for dei 2 prosjekta.
I tillegg kjem 3,3 mill kr samla til inventar.

Grunnlaget for budsjetteringa var kostnadsestimat basert på erfaringskostnader pr. kvadratmeter nybygg.

Arbeidet så langt

Det er fram til nå arbeidd med skisseprosjekt med ulike løysingar og ulike plasseringar på tomte. Målet har vore å få til løysingar som gir eit godt utgangspunkt for læring i den utvida skulen. Då må både skulebygningane og uteområda fungere i skulekvardagen.

Ei prosjekteringsgruppe har saman med representantar for arkitekten arbeidd med planane. Prosjekteringsgruppa har bestått av prosjektleiar, rektorane og verneombuda ved dei 2 skulane samt 2 kommunalsjefar. I dei første skissene var den nye skuledelen plassert i eige bygg, men undervegs har prosjekteringsgruppa sett at desse løysingane vil gjera det vanskeleg å få eit godt fungerande uteområde etter utbygging.

Kostnadsoverslag:	Kvm.	
Skulebygg	2780	80 322 000,-
Riving del av Sørigarden	535	800 000,-
Ombygging eks. del av Sørigarden	R.S.	500 000,-
Idrettshall	2130	46 860 000,-
Riving eks. gymsal	660	1 000 000,-
P-hus u-etasje/2 etasjar	1000	10 000 000,-
Uteanlegg	R.S.	3 000 000,-
Kunstnarleg utsmykking	R.S.	600 000,-
Sum		144 000 000,-

Denne kalkylen er 22 mill kr høgare bruttoutgifter enn det som er lagt inn i budsjettet, og dekker utgiftene til ca. 500 m² større skulebygg og parkeringshus.

Det kan forventast tilskot frå spelemidlane med 7,9 mill kr. (vedtatt budsjett 7 mill kr) til idrettshallen med styrkerom og sosiale rom.

Mulige innsparingar

Parkeringshuset var ikkje med i planane som tidlegare er godkjent, og kan tas ut. Kommunen kan basere seg på at dei tilsette ved skulen i stor grad skal kome seg til og frå arbeid utan bil eller parkere eit stykke frå arbeidsplassen – til dømes nede ved reinseanlegget. Det vil kunne redusere kostnadene med ca. 9 mill kr. (Vi anslår at naudsynt adkomstveg for varelevering inn til nybygget vil koste opp mot 1 mill kr.)

Rådmannen anslår at dei skisserte planane vil dekke det daglege parkeringsbehovet for skulane. Parkeringskapasiteten vil og dekke vanleg drift i idrettshallen og på fotballbanen, men dekker neppe behovet ved foreldresamlingar i skuleregi eller ved større arrangement. Då må supplerande parkeringsareal nyttast.

I planane er det og planlagt med ein aula med plass til alle elevane ved Bore skule – altså ca 450 sitteplasser. Ein kan basere seg på at aulaen skal romme halvdelen av elevane ved skulen, og at felles-samlingar skal leggast til Idrettshallen. Ved å gå ned til ca. 300 plasser i aulaen vil byggekostnadene kunna reduserast med 3 - 4 mill kr.

Vurdering:

Rådmannen ser at løysinga med å bygge eit tilbygg til Sørigarden vil gi ei god løysing for skulen, og sluttar seg til prosjekteringsgruppa sine tilrådingar. Rådmannen tilrår og den foreslåtte parkeringsløysinga, då vi elles må rekne med trafikkfarleg parkering nær skulen og i nærliggande buområde.

Rådmannen tilrår at tilleggskostnadene – rekna til 22 mill kr – blir innarbeidd i budsjett og handlingsplan 2018 – 21.

Vedlegg:

Presentasjon skisseprosjekt Bore skule (Endelegte teikningar blir utarbeidd etter at denne saka er ferdig behandla.)
Parkeringsløysing Bore skule

Innstilling:

Rådmannen tilrår at saka går til formannskapet og kommunestyret med slik tilråding:

Kommunestyret sluttar seg til reviderte planar for utbygging av Bore skule slik dei er presenterte i denne saka.

Kommunestyret godkjenner samla kostnadsoverslag på 144 mill kr for skulebygg, idrettshall og uteområde. Meirkostnadene blir innarbeidd i budsjett og handlingsplan 2018 – 21.

Rådmannen i Klepp 02.03.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.